

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 2

Juni 2020

52 . årgang



God sommar!



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST

Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST

Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er623@kirken.no



KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD

Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD

Steinar Stenseth, leiar
Tlf. 975 69 228
E-post: steinarsten@gmail.com



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Anders Grønbrekk, leiar
Tlf. 905 64 184
E-post: angro53@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen og
Wenche Hillestad Møller

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla

Bibelordet:



«Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.»
Jesaja 41,10



KIRKENES NØDHJELP
actalliance

FASTEAKSJONEN 2020

Bøsseaksjonen til Kirkenes nødhjelp-fasteaksjonen vart også avlyst pga. korona-viruset og tiltaka mot smittespredning.



TAKK!

Tema for aksjonen var reint vatn til fleire, og vi gjennomførte ein digital aksjon i tidsrommet 29. mars – 10. april på facebook, SMS og VIPPS

Vi vart gledeleg overraska over resultatet,
Kr. 19.135.

Det gjev permanent reint vatn til 95 personar.

Konfirmantane og eg takkar alle som var med og delte og ga, både på facebook, SMS og Vipps.

Marit prest

Forside: Marvin Kolstad Byfuglien
Foto: Ingjerd Thon Hagaseth

KYRKJE-VÅRDEN

Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av bladpengar og gåver til bladet vårt!

Rundt 620 ex blir lagt ut i postkassene her i bygda, og 160 utanom dalen får Kyrkjevarden i postkassa. Vil du gi eit bidrag i år ?

Abonnement innanbygds, kr. 200,
utanbygds kr. 250

De kan betale på nettbank eller i banken.
Bankgironr. er 2140 20 14188
Alle beløp blir takne imot med stor takk!

For dei som saknar «påminningsblankett»,
finn de han på s. 30.

Helsing
Kyrkjevarden

Marit prest, redaktør

Sommaropen kyrkje



Bruflat kyrkje er sommaropen
7. juli - 9. august
tysdag-søndag kl. 11-15

Lunskonsertar ved organist Serhiy Bykov

Fredag 3. juli kl. 11.30 – 12.00
Fredag 10. juli kl. 11.30 – 12.00

PRESTENS HJØRNE



Tankar i ei koronatid

Pinsehøgtida 2020 var strålende, med mykje sol, lys og varme. Med det blotte auge kunne vi nesten sjå at det vart grønnare rundt oss.

Endeleg kunne vi også opne kyrkjene for gudstenester att. Rett nok med eit nøye smittevernregime, men vi kunne samlast i Jesu namn, sjå kvarandre og oppleve fellesskapet. Det var dåpshøgtid for ein liten etnedøl, Henry Elias, og eg trur alle opplevde det heilt trygt og greit å vere til stades, med ein meter avstand, på annakvar benk, god handhygiene og registrering av fram møte med namn og telefon-nummer. Det siste punktet er kanskje det mest spesielle, men det handlar om eventuell smitte og sporing av smitte. Deltakarlistene blir oppbevart i safen på kyrkjekontoret i ti dagar, før dei blir makulert.

Det har, takk og pris, vore lite smitte på våre traktar, men koronaviruset er eit farleg lite vesen som kan gjere stor skade. Takka vere årvakenheit frå myndighetene våre, har mange i dette landet blitt spara for mykje, men det er ikkje over. Viruset finnst der ute, vi ser dagleg alvorlege reportasjer frå andre land, og også her i Noreg har vi nye smittetilfelle kvar dag.

Smittevernoverlegen vår, Tor Inge Kristianslund, er klar på at vi framleis må fylgje smittevernreglane, og det er ikkje berre på grunn av sårbare, risikoutsette grupper (sjølv om det er veldig viktig). Det handlar óg om eigen tryggleik, og risikoen for å spreie smitte. Også yngre kan bli alvorleg sjuke, og dette må vi etter all sannsynlegheit leve med lengje.

Ein alminneleg, god, normal kvardag er ikkje sjølv-sagt, det har vi fått ei sterk påminning om. Mange som av ulike årsaker har fått livet brått forandra, veit mykje om det.

Difor held vi fram med den nasjonale dugnaden, for å ta vare på kvarandre, og på oss sjølve.

Det var underlege, uverkelege dagar då smitteverntiltaka slo inn for fullt 12. mars, og mange slags kjensler fylte oss. Dert er heilt normalt å kjenne både på frykt og uro i ein slik situasjon. Eg har snakka

med mange som har vore redde, som har kjent seg åleine og etterkvart litt isolert. Samstundes veit vi at svært mange har brukt telefonen og sosiale media aktivt i denne situasjonen. Det er fint at vi har slike moglegheiter. Eg er imponert over godt vaksne (over 70 – og 80 år) som talar om messenger, face-time og face-book som noko heilt sjølv-sagt. Ja, eg har lært eitt og anna sjølv også i løpet av desse månadene. Fyrst vart eg ganske redd, då til dømes prosten ville treffe oss på Teams. Det hadde eg aldri høyrte om. Litt lettare til sinns vart eg då eg prata med niesa mi, Anne-Margrethe, på telefon. Ho er vesentleg yngre enn meg, men ho óg grudde seg litt til sitt fyrste Teams-møte. (Kanskje ho sa det for å trøyste?...) Eg måtte uansett kaste meg ut i det fyrst, det var ein onsdag, og eg sov dårleg natta før. Utruleg nok gjekk det bra, ja, eg syntest faktisk det var litt moro. Etterpå skreiv eg melding til Anne-Margrethe: «Nytt motto; så enkelt at sjølv tante kan. Lukke til!»

Det er ikkje tvil om at vi desse månadene har gjort store skritt vidare inn i den digitale verda. Møter på Teams og andre plattformer har vorte heilt vanleg. Hurra for lærarane våre som har hatt heimeundervisning med elevane sine heile denne perioden. Også vi andre har sett fordelane. Vi sparar tid og pengar ved å rigge oss til foran skjermene. Det er ypperleg til nødvendig informasjon og korte drøftingar, men det kan aldri erstatte den fysiske samlinga. Vi treng å sjå og høyre og oppleve kvarandre, kroppsspråk er utruleg viktig for å forstå og samhandle. Eit smil, eit blick kan vere med på å snu ein stemning. Det kan ikkje chattefelt på sosiale media, dei er uvørne både på godt og vondt.

Vi har, kan hende, lært eitt og anna elles óg. Aktivitetsnivået vart plutselig skrudd dramatisk ned. Temposkiftet gav ledige, stille og fredelege kveldar. Familiar var heime, ilag. Fekk tid til kvarandre, til andre ting, til kreative innslag, som ikkje var registrert. Eg er klar over at det ikkje berre var idyll, intense økter med små ungar kombinert med heimekontor, rastløyse og hete ordskifte har det også vore. Og vi som bur åleine har tidvis sakna vener, bordfellesskap og samtaler. Alt dette høyrer også med i билетet, men det beste frå denne tida kan vi kanskje ta med oss vidare. Temposkiftet? Vi treng alle å finne att oss sjølve iblant, kjenne balansepunktet i vår eigen kropp og sjel. Ta vare på og leve dagen, her og nå. Det er mellom dei største utfordringane i livskunsten.

Marit prest

17. mai 2020 – ei annleis feiring av nasjonaldagen

Det var litt rart 17. mai i år, inga store samlingar den dagen då ein heil nasjon vanlegvis samlast for å feire grunnlov, fred og fridom.

Kreativiteten slo imidlertid ut i full blomst. Her i dalen gjorde 8. klasse, saman med foreldra, ein strålende innsats for den lokale feiringa! Dei gjekk i flaggborg «gjennom heile Etnedal», det var tradisjonsrike taler ved 8. klasse og ordførar, Eventyrskogen barnehage sang og det var gudsteneste i Bruflat kyrkje. Alt dette vart det take videoopptak av vekene før 17. mai. På sjølve dagen var det kransepåleggingar ved Nord-Etnedal kyrkje, på Tonsåsen og ved Bruflat kyrkje. Det vart gjennomført med æresvakter frå arrangørklassa og god musikk frå Bruflat musikklag. Dei spelte også ved Etnedalsheimen, på Haugaliflata, hos Rolf Tidemanden og i Sør-Etnedal, så svært mange fekk god 17.-maistemning av det dyktige korpset vårt.

Innslaga til Bruflat sangkor, med dei tradisjonsrike, fine fedrelandssangane fekk også mange glade av då dei sang både ved Etnedalsheimen og på Bruflatflata. Alt kunne i ettertid sjåast på kommunen si heimeside. Ikkje så reint lite arbeid låg bak dette konseptet, så hjarteleg takk både til Vidar Lysnes og Håvard Telstø, som filma og redigerte, leiar i 17.mai-komiteen Siv Bergene og resten av det dyktige arbeidslaget.

Mange søkte også til fjells på nasjonaldagen. I bunad og med utradisjonelt fottøy, til flotte utsyn over bygda vår.

Presis kl. 13 lydde nasjonalsangen over heile landet. «Ja, vi elsker ..». Mange fylgde med TV-sendingane frå Slottsplassen. (og elles frå heile landet) Det norske solistkor sang, Hans Majestet Kongens garde var der med drill- og musikk-korps, og så kom kongefamilien, også dette året, ut på slottsbalkongen. Det var den store overraskinga frå hovedstaden, saman med den kongelege bilkortesen som køyrde gjennom fleire område i Oslo-aust.

Vi har samla bilete frå feiringa i Etnedal 17. mai 2020.



Marit prest

Fagert er landet

Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud,
såleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som ei elv mot os,
fort skiftar sumar med vetter.
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter;
Herre, vår Gud, vår Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
Lær oss å gå dine vegar!

Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møde,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle urt
veiknar og visnar bleiknar burt,
ver oss du oss ljuset og livet!



Fottøy, på veg til fjells, 17. mai 2020
Foto: Ingjerd Thon Hagaseth



8. klasse med flaggborg «gjennom heile Etnedal»
Her marsjerar dei forbi Bruflat kyrkje og på Lundebroe.



1. kl. gjekk i 17. mai-tog med flott fane 15. mai
Foto: Silje Svanheld Bergsbakken.



Bruflat kyrkjegard og Johan A. Berge si gravminne
Johan A. Berge fall i slaget ved Høljarat bru i april
1940. Ordførar Linda Mæhlum Robøle la ned krans ved
gravminnet hans. Æresvaktene er frå 8. klasse.
Foto: 17. mai-komiteen.



Oscar Herstad Fjeld, Gudbrand Bjørnødegård
Fagernæs, Øyvind Fagernæs, Ingrid Bjørnødegård
Fagernæs, Tord Bjørnødegård Fagernes, Simen Herstad
Fjeld, Kjetil Fjeld, Marie Bjørnødegård og Heidi Her-
stad Fjeld tok turen opp til Fjellsvarden 17. mai
Foto: privat ved Heidi Herstad Fjeld.



Familien Kolstad Byfuglien tok turen til Espelifjellet 17.
mai. Runa, Hilde, Marvin og Lars. Foto: Ingjerd Thon
Hagaseth



Kransepålegging ved Nord-Etnedal kyrkje

Frå venstre, æresvaktene Magnus Svanheld Bergsbakken, Emilie Månnum Esp og Sondre Tollehaug. Gruppa frå Bruflat musikklag er Bjørg Hagelund, Eva Nysveen, Anne Nora Lekanger, Knut Nysveen og Lisbeth Lyckander Aune. Til høgre Wenche Hillestad Møller. Foto: Tormod Møller




Foto: Privat

*«Mitt land
eg gjev med hugheilt mot
alt det som heiter mitt.»*

Wenche Hillestad Møller har vore ansvarleg for kransepålegginga ved Nord-Etnedal kyrkje dei siste ti åra. Her står ho ved bautaen som er reist til minne om Nils Bergsbakken, som fall ved slaget i Normandie 12. august 1944. Foto: Tormod Møller



Bruflat musikklag spelar i Sør-Etnedal.



Foto: Ragnhild Fagermaes

Mange hadde møtt fram for å høyre god korspsmusikk.



*Bruflat sangkor syng på Bruflatjordet etter konserten på Etnedalsheimen.
Fotoansvarleg: Ingun Kompen*



Goaren var samlingspunkt for mange nord-døler 17. mai. Mellom dei var; Jøran Bergsbakken Loberg, Sunniva Bergsbakken Byfuglien med Selma, Magnus Bergsbakken og Sander Bergsbakken med Salto.
Foto: Kari Bergsbakken Byfuglien



17-maifrokost på Bruflatjordet. Margit Tidemand-sen, Synnøve Engelién og Marie Bjerknes. Foto: Ingun Kompen



Det norske flagget var med til toppen
Ingvild Sæteren, Silje Svanheld Bergsbakken
og Sander Bergsbakken.
Foto: Kari Bergsbakken Byfuglien

Møt leiaren i Nord-Etnedal sokneråd, Steinar Stenseth



Steinar Stenseth, leiar i Nord-Etnedal sokneråd

Steinar Stenseth er inne i si tredje soknerådsperiode i Nord-Etnedal. Fyrste perioden var som varamedlem mot slutten av 1990-talet. Førre periode var han kasserar og medlem av konfirmantutvalet. Ei av oppgåvene der har vore å fylgje konfirmantane på vandring frå Kyrkjesletta på Dalen, til kyrkja.

«Viktig å ta vare på kyrkja, både for oss og for kommande generasjonar»

- Klara Månum og eg har leia fylgjet gjennom bygda, seier Steinar, og dei to siste åra har også prost Carl Philip Weisser vore med. Steinar synest det er triveleg med denne haustturen gjennom heimbygda saman med ungdomane frå heile Etnedal, og han reknar med at det blir vandring denne hausten óg. Det er alltid matrast i Nørre Bergsbakko, og fleire stansar nok litt ekstra der for å sjå det flotte utsynet nedover Steinsetbygda.

- Eg har alltid hatt glede av å vere med i lag og foreiningar i lokalsamfunnet, seier Steinar, så då eg vart spurt om å stille som kandidat til Nord-Etnedal sokneråd, følte eg at det var min tur til å bidra der.

Førre perioden var ganske innhaldsrik, då hadde vi både kyrkjejubileum (Nord-Etnedal 150 år) og bispevisitas, så det var mykje førebuing og mange møter, seier Steinar, som heller ikkje er framand for å ta praktiske tak. Både Steinar, og far hans Lars, har hatt mange dugnadstimar ved kyrkja. Før bispevisitasen var dei begge aktivt med då gjerdet rundt kyrkja fekk ein nødvendig ansiktsløfting.

I denne perioden i soknerådet vart eg vald til leiar. Eg tenkjer at ei av dei viktigaste oppgåvene mine i soknerådet er å hjelpe og bidra til å halde liv i kyrkja vår, ta vare på den og leggje til rette for at bygdefolket skal ha eit postivt forhold til kyrkja, slik at dei kan bruke den når dei måtte ynskje det. Å ta vare på kyrkja er viktig både for oss, og for komande generasjonar.

For min eigen del synes eg det er både interessant og lærerikt å vera med i soknerådet. I tillegg er det også sosialt, og me har hatt mange gode soknerådsmøte. Både det gamle og det nye soknerådet har vore godt sa-



For nokre år sidan var det ein som uttalte at Nord-Etnedal kyrkje var eit fyrtårn i bygda. Her står soknerådsleiar Steinar Stenseth ved inngangen til kyrkja.

mansett, me arbeider godt i lag og har det veldig trivel-eg. Det tykkjer eg også er viktig. Førre periode var eg også med i kyrkjeleg fellestråd, og det var veldig lærerikt. To av sakene det vart arbeidd aktivt med dei åra, var nytt tak til kyrkja i nord, pluss ny parkeringsplass og utviding av kyrkjegarden. Saka med kyrkjetaket har no funne si løysing, og parkeringsplass og utviding av kyrkjegarden blir det stadig arbeidd med.

Ellers synes eg det er fint at Kyrkjekontoret legg så godt til rette, for at me i soknerådet skal kunne gjera

ein så god jobb som mogeleg. Det er hyggelege og ryddige folk som er lette å spørja til råds. Vel verdt å nevne er også det gode samarbeidet med Bruflat sokneråd.

Om det er mykje arbeid å vera med i soknerådet? Nei, eg tykkjer ikkje det, så folkens ; det er berre å stille til val neste gong.

Tekst og foto:
Wenche Hillestad Møller

Møt leiaren i Bruflat sokneråd, Kjell Jørgen Fjeld



Kjell Fjeld, leiar i Bruflat sokneråd.

Kjell Jørgen Fjeld er inne i si andre periode i Bruflat sokneråd. Han vart valt inn i 2015, og overtok også stafettpinnen som leiar i rådet. –At det var så mange saker i soknerådet, det hadde eg ikkje trudd, seier han, men samstundes var han nysgjerrig på heile soknerådsarbeidet. Det er mange saker knytta til heile verksemda kyrkja driv, gudstenester, soknerådsrepresentasjon i kyrkja og planverk for ulike arbeidsområde, men det er flest saker i samband med Nordre Lenningen og forvaltninga av eigedommen der. Det er stundom tidkrevjande og til dels komplisert, men også svært interessant. No i april har soknerådet sendt ein ny reguleringsplan for hytteutbygging over til kommunen.

Kjell er også leiar for byggekomitéen som dei siste åra har arbeidd med retaurering av sæterhuset. Arbei-

«Alle medlemmene i soknerådet er ulike – eg opplever det både nyttig og fint at vi kan utfylle kvarandre.»

det skal ferdigstillast i sommar, og leiaren ser fram til at huset kan takast i bruk, både til kyrkja sine egne aktivitetar, men også til utleige for andre, lag eller private, som ynskjer seg ein dag eller fleire på fjellet.

Etter oppmoding frå biskop Solveig Fiske blir det også arbeidd med eit fjellaltar på Nordre Lenningen.



Kyrkja er sentral i bygdebiletet på Bruflat. Foto: Marie Bjørnødegård.

Kjell er også med i arbeidsgruppa for dette prosjektet, der planene tek til å materialisere seg i ein kyrkjeleg samlingsplass ute i det fri, ovanfor sæterhuset.

Eg hadde vel ikkje meint at eg skulle vera leiar då eg sa ja til å stå på lista, for eg føler det er eit stort ansvar, men det har vore eit veldig godt samarbeid i soknerådet.

Ho Marit prest er den som har den raude tråden i det arbeidet som vi skal gjera, og eg føler at eg har hatt eit godt samarbeid både med henne og dei andre tilsette i kyrkja. Dei tek seg av den daglege driften på kontoret og i kyrkjene, og soknerådet får sakene som skal behandlast på soknerådsmøtene framlagt på ein grei måte.

Alle medlemmene i soknerådet er ulike, nokon er opptatt av økonomi, personell og ressursar, mens andre er mest opptatt av det indre livet i kyrkja, seier Kjell, som opplever det både nyttig og fint at ein på denne måten kan utfylle kvarandre i soknerådet.

Kva som har vore det mest interessante, er ikkje lett å svare på, men Kjell framhever utviklinga på Lenningen, og det gode samarbeidet med Etnedal kommune. Ein av hovedsakene no er VA-plan (vann- og

avløpsplan) som er under arbeid, og det er positivt for heile Lenninen-området. Dessutan var det svært interessant å fylgje skattesaka i rettsystemet vårt, seier Kjell. (Bruflat sokneråd gjekk til sak mot Staten fordi skattedirektoratet krevde inn skatt for inntekter frå tomtesalet på N. Lenningen. Sokneråd er i utgangspunktet fritaken for skatt, men Skattedirektoratet definerte soknerådet si rolle som forretningsdrift, sjølv om utbygginga var sett bort til andre. Bruflat sokneråd tapte saka i Tingretten, men anka avgjerda til Lagmannsretten, der tingrettsdommen vart omstøtt. Meldinga om at Bruflat sokneråd hadde vunne saka mot Staten, kom vesle juleæftan 2019). Kjell var soknerådets partsrepresentant under forhandlingane i begge rettsinstansane.

Soknerådsleiaren er elles opptaken av Kyrkjevarden.

Kyrkjevarden er veldig viktig for å gi folk i Etnedal informasjon om det som skjer i kyrkja vår og i sokna elles. Den har fått mykje skryt for innhaldet både frå innanbygds- og utanbygdsbuande, seier Kjell Jørgen Fjeld som også synest den er eit bra produkt.

Tekst: Ingun Kompen og Marit Slettum
Foto: Marit Slettum

Nytt, gammalt tak i Nord-Etnedal kyrkje

I vår forsvann stillaset som har stande ved kyrkja i Nord-Etnedal. Gjennom vintermånadene har Sanne Hauglid og J.A Tak og bygg a/s ved Jan Bakkejordet skifta taket. Det vil seie, dei har take ned kvar einaste skiferstein, rensa dei, lagt dei på att og supplert med nye. Ein omfattande prosess.

Jan Bakkejordet skreiv på facebook-profilen sin 30. april:


«Då er vi ferdige! Men detta hadde vi ikke klart utan våres dyktige arbeidskarar. All ære til dei.»

Foto: Jan Bakkejordet.



*Kyrkja med stillas,
foto: Marit Slettum*





Kor vart det tå dei?

Frå Wold og Etnedal til Sunnmøre

Jeg vokste opp i Wold som storesøster til Asmund. Vi hadde en trygg og god heim som gav oss verdifull ballast til livet som voksne. Jeg var russ på Fagernes i 1967. Etter det flyttet jeg fra Valdres, men er gjerne tilbake på besøk et par ganger i året.

Jeg tok faglærerutdanning i ernæring og helse i Oslo. Seinere blei det mere studier i bl. a spesialpedagogikk. Jeg traff en kjekk sunnmøring, og vi giftet oss og flyttet til Sunnmøre i 1971. I mange år bodde vi på et leirsted i Ørsta. De fire barna våre blei født mens vi bodde der.

Slvigerforeldrene mine begynte å dra på årene og det blei til at vi overtok småbruket der mannen min er ifra i 1986. Det ligger idyllisk til ved et stort vann i Skodje, nå Ålesund kommune. Her bygde vi hus og fant vår plass i bygda. Jeg har arbeidet i videregående skole det meste av tida. Jeg var i mange år lærer i fengselet i Ålesund. Det var spennende og jeg fikk erfare at innsatte er like forskjellige som folk i det fri. Jeg hadde mange gode opplevelser og møtte mange skjebner.

Livet har bydd på tunge tak. Yngste gutten vår, Hå-

vard, fikk hjernesvulst og døde i 2004, bare 22 år gammel. Samme år fikk mannen min uhelbredelig kreft og i alle år siden har det blitt mye kontakt med helsevesenet. Vi er sjeleglad for å bo i Norge!

I 2011 overtok dattera vår og mannen huset og småbruket. Vi pusset opp barndomsheimen til mannen min. Det er koselig å ha familie så nær. Vi er beste-foreldre til tre jenter her i tunet og to som bor på Østlandet.

Jeg er glad for å ha mi kristne tro. Vi er aktivt med i forening og arbeidet på Misjonshuset i bygda. Ellers har jeg vært med å drive gjenbruksbutikk de siste årene. Det vi får inn går til ulike hjelpeprosjekt i bl.a. Afrika og blir kanalisert gjennom NLM.


En mann jeg kjenner som har fått MS sa til meg: «Du må gå mens du kan». Det er et godt råd som jeg prøver å følge. Jeg liker å være ute og jobbe i hagen og gå tur.

Jeg trives godt med å bo på Sunnmøre, men setter alltid stor pris på å komme til Etnedal. Det blir gjerne en tur langs elva og en tur til fjells. Det er noe eget med «kalvehagen», stedet der en har vokst opp. Bergljot Strand



Tre generasjoner Strand:

Bakerst fra venstre : Torbjørg, Knut, Bergljot, Øystein og Jogeir med Sarah på fanget. De andre barnebarna er fra venstre Maria, Nora, Thea og Ingeborg.



Vannrett

- 1. stoff
- 4. Pastill
- 5. Godt
- 8. Våge
- 10. Avis i Nord-Noreg.
- 11. Kald figur
- 12. Himmelsk vesen
- 16. Blomst

Loddrett

- 1. agent
- 2. Ivar Braut
- 3. Jentenavn
- 4. Kristen høytid
- 6. Flau reaksjon
- 7. Kvesser vi ljà med
- 9. Else Strømmen
- 13. Nytestamentet
- 14. Vandre
- 15. Grind eller ?

Løysing på pinsekviss og kryssord s. 27

Kong Salomos
PINSE
BIBELBILDEKVISS
OG OPPGAVER FOR HELE FAMILIEN

① HVA HETER DE TRE PERSONENE SOM ER GUD?

② HVA VAR HØST TAKKEFESTEN?

③ HVA VAR DET SOM SKJEDDE DA DISIPLENE BEGYNTE Å SNAKKE ETTER AT DE HADDE FÅTT DEN HELLIGE ÅND?

Apg. 2,4.

④ Peter og Johannes på fisketur

MISJONSBEFALINGEN VAR KLAR. DISIPLENE SKULLE VÆRE MENNESKEFISKERE. DEN HELLIGE ÅND VILLE VÆRE MED DEM. KAN DU SE HER HVOR MANGE, OG HVILKE TYPER FISK DE IKKE HAR FÅTT OPP I BÅTEN SIN ENDA?

Ideer og oppgaver er hentet fra Kong Salomos Bibel Bilde Kviss, Lunde Forlag AS

Min salme

Jeg takker Esther Slåttsveen for utfordringen med å finne min salme.

Jeg trodde egentlig dette ville bli ganske enkelt, men det er veldig mange fine salmer å velge mellom. Valget falt til slutt på «Ein fin liten blome.»

Denne salmen er opprinnelig svensk. Den svenske teksten «Det vekste en bloma» fra 1890 hadde lenge en ukjent opphavsmann, men Johan Alfred Blomberg, en offiser i Frelsesarmeen har senere fått æren for salmen. Han flyttet senere til USA.

Salmen ble oversatt til norsk av Anders Hovden i 1927.

Salmen ble sunget til melodien «Jeg skulle ei sørge», men i 1969 laget Bjørn Eidsvåg en melodi som passet bedre til teksten, og det er den melodien som nå blir brukt.

Salmen står på nr. 492 i Norsk Salmebok, og nr. 310 i Sangboken Syng for Herren.

Sangen er også med i Frelsesarmeens Sangbok 2010, men uten at Johan Alfred Blomberg er nevnt som tekstforfatter. (Kilde: Wikipedia.)

Jeg synes teksten i denne salmen favner så mye, faktisk et helt livsløp fra begynnelse til slutt. Den har også en tydelig, dypere mening. Man kan lese mellom linjene at om man trives best i det små og gjør sin gjerning i det stille uten å stikke seg så mye fram, så har alle like stor verdi i den store sammenhengen. Salmen osrer dessuten av glede og trygghet fra begynnelsen til slutt.

Som en liten kuriositet kan jeg nevne at jeg er ekstra glad i blå blomster.

Jeg utfordrer Bjørn Neramoen til å finne sin favorittsalme.

Odd Steinar Rønsmoen.



Odd Steinar Rønsmoen har valt «Ein fin liten blome» som si salme.

Ein fin liten blome

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter,
han står der så liten og blyg.*

*Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd
der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din?
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber:
Om einsleg eg vert på min veg,
så, veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar og meg.*

*Om eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær,
i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er,
den høver for vandrings her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud!*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus ein gong
i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song
i himlen dit døden ei når!*

Ønskediktet

Jeg har valgt et dikt av skogens dikter Hans Børli, som passer godt også til årstiden.

Neste jeg vil utfordre til å dele et dikt i Kyrkjevarden er Jarle Lundstein.

Junikveld

*Vi sitter i slørblå junikveld
Og svaler oss ute på trammen.
Og alt vi ser på har dobbelt liv,
fordi vi sanser det sammen.*

*Se – skogsjøen ligger og skinner rødt
av sunkne solefalls-riker.
Og blankt som en ting av gammelt sølv
er skriket som lomen skriker.*

*Og heggen ved grinda brenner så stilt
av nykveikte blomsterkvaster.
Nå skjelver de kvitt i et pust av vind,
-det er som om noe haster..*

*Å, flytt deg nærmere inn til meg
her på kjøkkenrammen!
Den er så svinnende kort den stund
vi mennesker er sammen.*



Ole Espeseth, saman med hunden Frøya.

*Her vil jeg leve
av Roald Abel Andersen
Onkel Andreas*

*Her vil jeg leve,
se solen av tåkehav stige
ved morgnens gry.
Se den, hver aften, sitt ansikt gjemme
i ly- av en gullbremmet sky.*

*Se dagen
langsomt vandre over himlen
fra øst til vest.
Se dens lys seg forandre
gjennom sol-
gjennom regn og blest.*

*Se marken,
jorden om våren grønnes
til sommerens fullbyrdede flor.
Se- de samme marker
av høstens farver forskjønnes,
se årstider følge i årstiders spor*

*Se blomstenes arkader
falme , visne,
miste livets insiterende lød.
Se løvtrærnes blade falle
Som bleke indisier
om forgangen glød.
Se all markens vekster
tolke forgjengelighetens fabel om «Død».*

*Se vinteren øve fullbyrdelse
fra en himmel, lav, tungsindig, grå.
Se sneen utøve jordfestelse
over hver blomst,
hvert blad, hvert strå.
Se jorden i søvn synke
i dramaets siste tablå.*

*For så-
se vinterens hvite vinger stekkes
og solen- bryte dens bånd.
Se jorden- av dvale vekkes
til live av gjenskapelsens ånd.
Se, dens ansikt, mildnes, mykne
under vårens signende hånd.*



Informasjon fra kirkekontoret:

Gjenopning av kirkene



Samfunnet vårt letter på noen av de strenge restriksjonene som har vært siden 12. mars 2020, grunnet covid-19 som forårsakes av viruset SARS-CoV-2, i dagligtale kalt koronavirus. Pandemien har rammet en hel verden, og det har vært spesielle tider for oss alle. I kirken har vi kun fått lov til å ha kirkelige handlinger (dåp, vielser og begravelser) med spesielle restriksjoner på antall for å forebygge smittespredning i samfunnet.

Gudstjenester og kirkelige handlinger er Den norske kirkes kjernevirksomhet, og har en sentral rolle i mange menneskers liv. Det er derfor av stor betydning at kirkebyggene kan åpnes og gudstjenester igjen kan gjennomføres når dette er smittevernfarelig forsvarlig. Smittevernfarelig drift innebærer at alle som bidrar i og deltar på gudstjenester og kirkelige handlinger samarbeider godt.

Noen hovedpunkter om gjenåpning av kirker og gjennomføring av gudstjenester og kirkelige handlinger:

- Maksimalt 50 personer (i tillegg til medvirkende) til stede (denne begrensningen gjelder inntil helsemyndighetene eventuelt gir nye/justerte råd.).
- Minimum 1 meter mellom hver person (gjelder ikke personer i samme husstand).
